

miljøpartiet
de grønne

molde & omegn

MOLDEMÅL FOR BEREKRAFTIG UTVIKLING – FOR MENNESKE OG MILJØ

1. Molde: Ein berekraftig kommune som går føre med gode klimaløysingar
2. Berekraftig naturforvalting
3. Mennesket i sentrum
4. Gode barnehagar og skular
5. Mangfaldig kulturliv
6. Grøn transport
7. Berekraftig og framtidsretta næringsliv og arbeidsliv
8. Levande bygder og levande sentrum - Nærmiljøpartiet Dei Grøne
9. Open politisk kultur og ein digital infrastruktur for framtida

MDGs politikk og FNs berekraftsmål

Med FN i spissen har verda sett opp mål for den globale utviklinga fram mot 2030 – FNs 17 berekraftsmål, den mest ambisiøse planen for kloden si utvikling nokonsinne. Og spør du Molde MDG, bør vi i vår kommune la oss inspirere av dette ambisjonsnivået og samarbeide om å leve opp til måla også lokalt. Derfor er kvart av områda i programmet vårt knytt opp mot eitt eller fleire av FN-måla.

MOLDEMÅL 1: Molde er ein berekraftig kommune som går føre med gode klima- og miljøløysingar til beste for noverande og framtidige generasjonar.

Klimamålet frå Parisavtala om å hindre oppvarming over 1,5 grader, innsiktene frå FN's klimapanel og naturpanel, og FN's 17 berekraftsmål er styrande for Miljøpartiet Dei Grønnes politikk i Nye Molde kommune.

Vi står midt i ei krise, både for klimaet og naturmangfaldet. Dette må påverke politikk og samfunnsutvikling på alle plan. Miljøpartiet Dei Grønne (MDG) ønskjer å prege utviklinga i kommunen vår med grønne løysingar til beste for klima, natur- og dyreliv og noverande og framtidige generasjonar. For oss trumfar berekraft og økologiske prinsipp vekstideologien. La oss heller samarbeide med næringslivet om å skape fleire grønne arbeidsplassar.

MDG arbeider for fred, rettferd og eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse, der økonomien er underlagt sunne, berekraftige, økologiske prinsipp. Livskraftige lokalsamfunn basert på lokale ressursar er ein føresetnad for å nå måla. Det betyr blant anna at vi tenkjer globalt og handlar lokalt for å redusere vårt eige CO₂-avtrykk. Dette visest også att i standpunkt vi har i nokre av dei mest aktuelle lokale sakene.

Berekraft og miljørekneskap er styrande for alle politiske vedtak. Klima og miljø er den største saka i vår tid, og MDG i Molde vil arbeide for at kommunen vår skal gå føre med gode klimaløysingar, basert på ansvarleg forbruk og sirkulær økonomi, med mål om å bli ein nullutsleppskommune. Kommunen må også få på plass god klimaberedskap for å stå rusta til å takle klimaendringane. God klimatilpassing gjer dessutan byar og tettstader både tryggare og trivelegare. Alt dette inneber:

- Ferdigstilling av kommunal klimaplan i tråd med den globale klimaavtala om å nå 1,5-gradarsmålet. Dette betyr ein kommunal handlingsplan for klima og miljø med konkrete årlege utsleppskutt innanfor alle kommunale sektorar: bygningar, anleggsarbeid, drift, transport, energibruk, arealbruk og jordvern
- Klimarekneskap (basert på ei øvre ramme for kor mykje klimagassar som kan sleppast ut innanfor ein viss periode) og rapportering som byggjer på den kommunale klimaplanen, blir etablert i alle sektorar i kommunen, leia av kommunal klima- og miljørådgjevar. Dette inneber å tilsetje ansvarleg kommunal klima- og miljørådgjevar som sikrar oppfølging og årleg rapportering av iverksetjing av klima- og miljøtiltaka i klimaplanen. Stillinga bør plasserast i rådmannen sin stab slik at den blir sektorovergripande
- Å sørge for heilskapleg risikostyring ved å inkludere resultat frå klima- og miljømodellar i risikoanalysar i kommunal planlegging
- Klimarådgjevar(ar) skal vidare ha ansvar for alle enøk-tiltak, for kartlegging og sikring og bevaring/vern av dyrka og dyrkbar jord, og slik sikre at jordvern blir handheva restriktivt i kommunen, og at



*FN-mål 7:
Sikre tilgang til
påliteleg, berekraftig
og moderne energi
til ein overkomeleg
pris for alle*

eventuell utbygging av myr kjem med i klimarekneskapen. Det skal ikkje vere tillate å byggje ut våtmarksområde

- Meir offensiv og enkelt tilgjengeleg klimainformasjon på kommunen si heimeside, med blant anna praktiske tips (eksempel frå lokale klima- og miljøtiltak, som matsvinn, gjenvinning o.a.). Kommunen bør årleg arrangere klima- og miljødag som kan appellere til ulike aldersgrupper, med bidrag frå aktørar frå sivilt samfunn, kommune og næringsliv
- Styrking av samarbeid med institusjonar og næringsliv, for eksempel Høgskulen i Molde og Møreforskning, der fagmiljøet kan bidra med oppdatert forskning og nye klimavenlege løysingar
- Gjennomføring av eksisterande plan for sertifisering av Molde kommune som Miljøfyrtårn
- At kommunen ikkje skal investere i verksemder som er natur- og klimaøyddeleggjande



*FN-mål 12:
Sikre berekraftige
forbruks- og pro-
duksjonsmønster*

Konkrete tiltak innan drift av kommunale institusjonar og i bygg og anlegg:

- Molde må bli ein Fairtrade-kommune og vere miljøsertifisert, og enøk-tiltak må gjennomførast i kommunale verksemder
- Alle offentlege innkjøp og anskaffingar bør vere klimanøytrale
- Kommunale einingar skal alltid velje produkt som ikkje inneheld miljøskadelege ingrediensar
- Alle nye kommunale bygg som er eigna for det bør byggjast i massivtre, med solcelle-teknologi på tak og veggjar
- Ta i bruk alternativ til plast der det er mogleg, og bruke kommunen si innkjøpskraft til å ta inn gode alternativ
- Prioritering av kortreist og/eller økologiske matinnkjøp til kommunale institusjonar som barnehagar, skular, eldreinstitusjonar og kommunen sine kantiner, og kurse kjøkkentilsette i lagging av god vegetarmat
- Elektriske transportsyklar som eit godt og attraktivt transportval i kommunal tenesteleveranse, og bruk av elektriske bilar ved nyinnkjøp av bil i kommunen
- Auka tilrettelegging for ladepunkt for el-bilar og stasjonar for hydrogen, i samarbeid med private aktørar
- Søkje statlege "Klimasatsmiddel" frå Miljødirektoratet til klima- og miljøvenlege pilotprosjekt i kommunen
- Kommunen skal setje av eit fond til prøveprosjekt som bidrar til betre miljøvenlege løysingar for folk flest i den nye storkommunen
- Leggje til rette for kjeldesortering på Molde Havn, småbåthavnene, der restavfallsdunkar skal bytast ut med kjeldesorteringsdunkar, både inne og ute. Dette skal også gjennomførast på offentlege og private stader
- Innføre ein handlingsplan for redusert matsvinn, med mål om 50 prosent reduksjon innan 2030
- I samarbeid med RIR bør kommunen finne betre løysingar for kortreist behandling av bioavfall, og for betre utnytting av restavfall til energiproduksjon



*FN-mål 13:
Handle straks for
å bekjempe klima-
endringane og
konsekvensane
av dei*

MOLDEMÅL 2: Berekraftig naturforvaltning

Nei til giftdeponi

Molde MDG seier nei til giftdeponi på Raudsand. Dette har fleire årsaker. Ny teknologi vil gjere det stadig enklare for bedrifter som produserer giftig avfall å integrere alle stoff i sirkulær produksjon. «Kortreist» resirkulering av farleg avfall tilbake til annan produksjon på sjølve produksjonsstaden bør vere eit sjølvstøtt krav frå stat og kommunar til alt næringsliv på lokalplan. Usikker lagring av giftig avfall utgjør ein stor risiko for naturen lokalt, for eksempel for grunnvatnet. Transporten av avfall til deponiet frå utlandet så vel som nasjonalt utgjør ein miljørisiko langs sjø og vegar.

Natur og miljø

Vi som bur i Molde kommune har kort veg til ein mangfaldig natur, frå Dryna via Moldeholmane og Veøya til Mardalsfossen - den må vi ta vare på! Natur og grøntområde er viktig for trivsel og livskvalitet. Ikkje minst med tanke på krisa for klimaet og det biologiske mangfaldet, er det viktig å ta vare på naturen rundt oss, både på land og under vatn.



MDG vil:

- ta vare på og utvikle nærområde som er viktige for friluftsliv gjennom å støtte frivillige lag og organisasjonar
- forby bruken av vannscooter og regulere strengare bruken av snøscooter for å ivareta omsynet til trygg ferdsel, friluftsliv og forsvarleg forvaltning av miljøet
- at Markagrensa skal liggje fast. Vern som er nedfelt i plan for Moldemarka skal halde fram. Det skal ikkje vere rom for dispensasjon. Det same gjeld for vernet av Moldeholmane
- at kommunen i samarbeid med RIR skal innføre ei panteordning for innlevering av plastavfall langs kysten
- ta grep om ei av dei største kjeldene til plastforureining: granulat på kunstgrasbanane. Alle flater som blir lagt skal vere mikroplastfri. Eksisterande granulatdekke skal fasast ut
- sørje for varig vern av Mørebankane mot all framtidig olje- og gassleiting
- få gjennomført ein vitskapleg evaluering av effekten av taretråling langs norskekysten med tanke på framtidig berekraftig artsmangfald av fisk og liv i sjøen
- fjerne svartelista artar også utanfor verneområde for å bevare naturleg vegetasjon og plante-, dyre-, og fugleliv. Dette gjeld for eksempel utbreiinga av sitkagran, platanlønn og hagelupinar
- sikre levedyktig stamme av gaupe på Romsdalshalvøya gjennom ei berekraftig kvotejakt
- styrke tiltak mot gjengroing langs hovudvegane, for eksempel gjennom sysselsettingstiltak
- bevisstgjere befolkninga om kor viktig det er å bevare artsmangfald blant insekt, fuglar, dyr og fiskar

Fiskeri og oppdrettsnæring

Vi ønskjer reinast mogleg fjord og hav som vi haustar av på ein berekraftig måte, slik at det biologiske mangfaldet blir ivaretatt.

Kommunen bør leggje til rette for og stimulere til at fjordfiske kan bli ei lønsam næring. Det inneber også å gjere det enklare for lokale fiskarar å selje fisken lokalt. MDG vil dessutan arbeide for at oppdrettsnæringa må bli berekraftig, noko som vil seie:

- Stille krav om lukka anlegg for alle nye konsesjonar
- Stille strenge krav til lusemiddelbehandling og handtering av avfall i eksisterande anlegg
- Fisketettleiken må vere på eit forsvarleg nivå med tanke på dyrevelferd
- Berekraftig fôrproduksjon, det vil seie å unngå å bruke matgrunnlaget for matfisken, og på sikt gjere seg uavhengig av importert protein



Landbruk

Landbruket skal produsere nok og trygg mat med minst mogleg belastning på natur, klima og ressursar. MDG vil styrke landbruket og stimulere til at landbruket i kommunen på sikt går over til økologisk drift. Vi er opptatt av varig fruktbarheit i jorda, naturmangfald, dyrevelferd og lokal mattryggleik. Vi ønskjer ein større sjølvforsyningsgrad.



Dei Grøne meiner dyrevelferd fortener ein langt større plass i den norske politiske debatten. Om vi skal respektere rettane dyra har, trengst det ei reform av mange typar dyrehald i Norge og ei langt strengare handheving av den norske dyrevelferdslova.

Omsynet til naturmangfald og klima set grenser for nydyrking, så vi må sikre gjenverande areal både i sentrale strok og utkantane. MDG skal vere det partiet som i praktisk politikk er til å stole på når det gjeld vern av matjord, og vi vil forby nydyrking på sårbare naturområde, for eksempel myr. Beiteressursane må også bli utnytta betre.

Vi vil dessutan sikre område der dei som ønskjer det, kan dyrke grønsaker, frukt og bær. Alle som vil, skal kunne skaffe seg parselhagar, også skular, barnehagar og eldresenter/sjukeheimar. Ved blokkområde kan delar av utearealet brukast til parsellar.

MDG vil:

- ha ein nullvisjon for nedbygging av matjord, og fremje restaurering av matjord
- dermed verne dyrka mark mot nedbygging både i dei sentrumsnære områda (Bjørset/Kvam, Lergrovik/Årø/Røbekk) og elles i heile kommunen, herunder området som kan bli ramma av vegutbygging mot det nye sjukehuset
- at gjenoppdyrking av gjengrodd dyrkamark må prioriterast av landbrukskontoret
- utnytte ubrukte beiteressursar og redusere avhengnaden av kraftfôr lagd av soya frå Brasil
- stimulere jordbruket til ein større del økologisk drift
- at Molde kommune i samarbeid med Bioforsk Tingvoll skal undersøkje moglegheitene for auka lokal matproduksjon i kommunen. All dyrka og dyrkbar jord i kommunen må kartleggast, og det bør undersøkast korleis ein kan få økologisk gartneridrift og bærproduksjon i kommunen
- ta vare på gamle slåttemarkar for å ivareta det biologiske mangfaldet. Dette vil også leggje til rette for at insekt som ein viktig del av byøkologien skal trivast godt
- redusere matmakta til daglegvarekjedene, og støtte lokale, kommersielle og frivillige aktørar som bidrar til å auke produksjonen av kortreist og økologisk mat. Dette kan blant anna gjerast ved å gi støtte til og leggje til rette for Bondens Marked og andre alternativ til daglegvarekjedene
- at kommunale kantiner skal kjøpe inn økologisk og kortreist mat når det er mogleg
- leggje til rette for grøn småskalanæring, hobbylandbruk og privat matauk, som ved å setje av ledig dyrka mark til parsell- og kolonihagar og støtte opp om andelslandbruk og matkooperativ
- at utlegging av gift som brukast for bekjemping av skadedyr skal erstattast med andre bekjempingsformer, som for eksempel elektriske eller mekaniske feller. Bruk av gift fører til at dyr som et forgifta dyr, også blir forgifta
- at kommunen stiller krav til dei som driv skogdrift om meir berekraftige framgangsmåtar med krav om opprydding og gjenvekst som tar omsyn til det biologiske mangfaldet - omstilling frå flatehogst til plukkhogst

MOLDEMÅL 3: Mennesket i sentrum

Folkehelse og førebygging

MDG ønsker å fremme god folkehelse for alle aldrar, med høg trivsel og oppleving av tryggleik i lokalsamfunna våre. Kommunen må prioritere pengar til helse og omsorg for sårbare grupper. Førebyggjande helsearbeid, kunnskap om mat, trening og medisin skal vere tilgjengeleg for alle.



*FN-mål 3:
Sikre god helse og
fremje livskvalitet
for alle, uansett
alder*

MDG vil:

- satse på førebygging. Det er bra for både menneske og økonomi, det gjeld for rusfriheit, god psykisk og fysisk helse og sunn livsstil. Helseprioriteringar skal vise dette
- sørgje for nok ressursar til jordmortenesta slik at alle nybakte foreldre i kommunen kan få heimebesøk av jordmødrer
- foreldrekurs ("tryggleikssirkelen") bør bli tilbydd til alle foreldre med barn i barnehagane i kommunen
- tilretteleggje for fleire lokale lavterskeltilbod for sårbare familiar, blant anna i samarbeid med helsesøstrer og barnehagar
- auke rammene til helsetenesta for lett tilgjengeleg helsesøstertilbod på alle skular, og sikre eit godt førebyggjande tilbod for ungdom i heile kommunen
- leggje til rette for attraktive, varierte og trygge rusfrie fritidstilbod for ungdom frå 13 til 18 år
- Sikre at barnevernet er velfungerande og forutsigbart
- føre ein restriktiv alkoholpolitikk - det gir god folkehelse. Kommunen bør utarbeide og følgje opp ein tverrfagleg handlingsplan mot rusmiddel. Idrettsarenaer skal ikkje ha skjenkebevilling. Kommunen bør forvente alkoholfrie soner på kulturarenaer for å unngå utestenging
- dekkje behovet for bustader for vanskelegstilte. Prisnivået må stå i forhold til det folk har moglegheit til å betale



*FN-mål 10:
Redusere ulikskap i
og mellom land*

Pleie og omsorg

Miljøpartiet Dei Grøne vil leggje til rette for balanse mellom omsorg i heimen og gode institusjonar. Eldre og pleietrengande skal så langt det lar seg gjere kunne velje kor dei vil bu og kva slag hjelp dei vil ha. Talet på eldre som treng pleie er i ferd med å auke i Molde kommune. Det er viktig at økonomiplanleggjinga i kommunen tar høgde for dette, slik at det blir god nok kapasitet i institusjonstenestene og heimehjelps-/omsorgstenestene.

MDG vil:

- at alle med pleiebehov skal få hjelp, og dei som har behov for institusjonsplass, skal raskt få tilbod om det. Det er viktig at sjukeheimsplassar blir bygt ut fleire stader i kommunen slik at eldre kan få plass nær familie og vener. Alle skal sikrast enkeltrom og par skal få bo saman om det er formålstenleg
- sikre god kompetanse blant tilsette i helse og eldreomsorgen. Dette bør skje i kombinasjon med å tilby ufaglærte å formalisere kompetanse og få tilbod om vidareutdanning
- auke talet på faglærte eller høgskuleutdanna i eldreomsorgen og heimetenesta. Dette bør skje i kombinasjon med å tilby ufaglærte å formalisere kompetanse og få tilbod om fagleg utvikling
- opprette fleire heiltidsstillingar for sjukepleiarar i kommunen
- opprette "Livsglede for eldre" i Molde, og det skal vere sansehager ved eldreinstitusjonane. Dette kan skje i samarbeid med frivillige og med skular i nærområdet
- ha transportsyklar for å dra på tur på alle sjukeheimar
- prioritere å ha kjøkken på kvar institusjon

Integrering - ein kommune for alle

Alle skal føle seg velkomen i Molde. Dei Grøne jobbar for eit samfunn der alle kan vere seg sjølv, og der det blir lagt til rette for at alle kan delta i samfunnet. Det finst framleis strukturelle og sosiale hindringar for dette, som vi vil jobbe aktivt for å byggje ned. Det er nødvendig å gi positiv særbehandling for å oppnå større likestilling. MDG ønskjer at Molde framleis skal vere ein god by å kome til for flyktningar, og det bør utviklast ein heilskapleg plan for integrering som omfattar heile kommunen og som tar i bruk alle dei gode ressursane som innflyttarar har med seg.

MDG vil:

- at Molde framleis skal vere ein god mottakskommune for flyktningar og asylsøkjjarar
- at Molde skal lage ein heilskapleg plan for integrering av minoritetar i kommunen, for alle aldrar
- at tilsette som jobbar med flyktningar i skule og helseteneste, må sikrast tilstrekkeleg kunnskap i traumesensitiv omsorg
- at tilbod til ungdom skal vere godt, spesielt i alderen 13 til 18 år (ungdomskafé, ungdomsklubb og liknende). Dette aukar også inkluderinga av fleirkulturelle
- tilby foreldrevegleiing til alle nyankomne flyktningar som har barn, på eige morsmål (ICDP - International Child Development Program)
- styrke tilbod om møteplassar og språkopplæring til føresette og barn som ikkje går i barnehage



FN-mål 5:
Oppnå likestilling og
styrke jenter og
kvinner si stilling

- at kommunen utarbeider ein handlingsplan for å førebyggje seksuell trakassering og overgrep, både blant tilsette og brukarar av kommunale tenester, særleg i skulane
- at kommunen skal gå til innkjøp av regnbogeflagg og flagge når det er Pride i fylket
- at alle kommunale skjema skal ha ein tredje kjønnskategori
- at kommunale institusjonar og møteplassar skal ha kjønnsnøytrale toalett og garderobemoglegheiter

Eigedomsskatt

Det viser seg gong på gong at det er vanskeleg å ivareta godt pleie- og omsorgstilbod innanfor dei vedtatte budsjetttrammene. Vi meiner derfor det er nødvendig å framleis bruke eigedomsskatt som ei ekstra inntektskjelde, men at vi bør innføre botnfrådrag for å skåne dei med dårlegast råd.

MOLDEMÅL 4: Gode barnehagar og skular

Molde kommune har mange dyktige lærarar og barnehagetilsette som jobbar kvar dag for å danne og utdanne barn og unge for framtida, og dei forsøker å møte den enkelte sine behov både fagleg og sosialt.

Barn og unge skal førebuast til ei framtid som vil krevje livslang nysgjerrigheit, læring og kreativitet – samtidig ser vi at stadig fleire elevar slit med psykisk uhelse og stress. Skulane treng tillit og tilstrekkeleg med ressursar for å gjere den viktige jobben sin for elevane og for samfunnet.

Barnehagane skal møte barna sitt behov for omsorg og leik og i tillegg fremje læring og danning. Kommunen sine mange tilsette i barnehagane er saman med barna våre dagleg, og må få gode vilkår for å gjere ein god jobb.

Klima- og biomangfaldskrisa er den største trusselen mot planeten vår, og derfor er det viktig at barn og unge lærer om berekraft, grøn omstilling, klima, miljø, natur og biomangfald. Det er det rom for innanfor planane i dag, og ikkje minst innanfor rammene av den komande fagfornyinga – vi må sørge for å leggje forholda til rette så barnehagar og skular kan arbeide godt med dette. Barn og unge må møte dette ikkje berre som teoretiske storleikar, men også som fysiske og handgripelege element som vi menneske påverkar gjennom vala våre i kvardagen.

MDG vil:

for barnehagar og skular:

- sikre lokalmiljø der det er trygt å gå og sykle til barnehage, skule og grøntområde
- ha økologisk, sunn, kortreist mat til måltid på skulane og i barnehagane



*FN-mål 4:
Sikre inkluderande,
rettferdig og god
utdanning og fremje
moglegheit for livs-
lang læring for alle*

- at kommunen skal ha eit undervisningstilbod for klima og miljø i praksis retta både mot barnehagar og skular, der også tilknytning til fiske og jordbruk blir vektlagt
- satse på kompetanseheving for tilsette i skule og barnehage
- innføre søskenmoderasjon på tvers av barnehage og SFO
- minske dokumentasjonspresset for barnehage- og skuletilsette
- sikre leikeområde og hundremetersskogar

for barnehagar:

- sikre bemannings- og pedagognormen i barnehagane
- at natur-/friluftsbarnhage skal bli ein del av barnehagetilbodet i alle delar av kommunen
- i størst mogleg grad satse på nærbarnehagar - halde på dei vi har i dag, og byggje nye. Det er bra både for barnet og tilknyttinga til nærmiljøet, og for å unngå unødvendig transport
- at alle barnehagar bør ha oppstillingsplass for sykkelvogner o.l. så det er lettare å velje bort biltransport

for skular:

- at skulane i kommunen må få tilstrekkelege middel til å innfri lærarnorma på alle trinn
- ha mindre klasser
- at det på første trinn på barneskulen blir satsa på læringsglede og fri lek framfor fagspesifikke kompetansemål
- at fysisk aktivitet skal inngå som ein naturleg del av skuledagen på alle trinn
- at alle elevar lærer å sykle og svømme i løpet av småskulen
- sikre god tilgang på uteområde og alternative læringsarenaer, og ressursar til å bruke dei i undervisninga
- at alle skular får skulehagar på eller i gangavstand frå skulen, der elevane har ansvar for eigen matproduksjon
- leggje til rette for at ekskursjonar i naturen får ein større plass i grunnskulen
- meir praktiske og kreative undervisningsformer inn i fag på barne- og ungdomsskulane
- ha fullverdige utstyrsparkar og gode læringsarenaer i praktiske, estetiske og IKT-retta fag
- ha mindre leksepress i barne- og ungdomsskulen
- gjennomføre forsøk med karakterfri ungdomsskule, jobbe med alternativ vurdering
- styrke skule-heim-samarbeid og sikre tidleg innsats
- tilsetje helsesøstre av begge kjønn
- bruke miljøterapeutar og vernepleiarar i skulehelsetenesta
- sørgje for nok ressursar til skulane og PPT slik at dei kan samarbeide hyppig og kontinuerleg
- styrke samarbeidet mellom skulehelsetenesta, helsevesenet for unge og barnevernet
- satse på tverrfagleg samarbeid om ulike elevar. Dette er ekstra viktig på skular med mange minoritetslevar
- auke dei tilsette i skulen sin kompetanse på kjønns mangfald
- at alle barn med behov for eller ønske om det, skal ha tilbod om leksehjelp gjennom heile grunnskulen. Skular med mange minoritetsspråklege elevar bør få ekstra støtte til leksehjelp. Dette kan gjerast i samarbeid med både skular og frivillige aktørar

- at alle nye lærarar skal få ein erfaren lærar som mentor
- at alle foreldre må bli gjort oppmerksame på at det er mogleg å velje målform for barna sine ved innskriving til barneskulen
- at den nye skulen på Årø skal vere ein pilotskule for miljø (f.eks. med passivhus bygd i massivtre og eigen skulehage, og med trygg skuleveg på sykkel)

for SFO:

- styrke SFO. Tilbodet skal vere prega av fri lek og sosialisering innanfor trygge rammer og utan skjermtid
- satse på kompetanseheving til tilsette i SFO, dei gjer ein viktig jobb for ungane våre
- få Kulturskulen endå sterkare inn i SFO
- ha gratis eller lågare pris på SFO for låginntektsfamiliar

MOLDEMÅL 5: Ein kommune med eit mangfaldig kulturliv

Det store kultur- og organisasjonslivet i kommunen blir drive med dugnadsinnsats og kommunal støtte. Slik skal det vere. Utan eit lokalt, frivillig engasjement kan det heller ikkje vere grunnlag for offentleg støtte til kultur-, idretts- og andre fritidsaktivitetar. Kommunen må satse på tiltak som fremjer folkehelsa og søkje øyremerkte middel til slike prosjekt for å supplere støtta frå lokalt hald. MDG skal vere eit parti som passar på at små, smale organisasjonar får tilstrekkelege middel til å halde på, og dermed ta vare på mangfaldet i organisasjonslivet.

MDG vil:

- eit mangfaldig kulturtilbod for barn og unge, med korps, kor, teater og andre organiserte, frivillige kulturaktivitetar må tryggast i kulturbudsjettet
- det gode arbeidet som blir gjort med Kultursekken, Den naturlege skulesekken og Den kulturelle spaserstokken må halde fram og bli vidareutvikla
- kulturskulen må få nødvendige ressursar for drifta, og deltakarkostnadene må haldast lågast råd
- Molde må gjenoppta ordninga med å vere vertsby for fribyforfattarar
- det skal stillast miljøkrav når det blir gitt økonomisk støtte til dei lokale festivalane, slik at dei vel miljøvenlege og berekraftige løysingar. Dei store festivalene genererer mykje transport, og det er eit mål å få denne så miljøvenleg som råd
- dei ulike støtteordningane for kulturformål i kommunen skal bli meir tilgjengelege og lettare å orientere seg om
- satsinga på ein møtestad for ungdom i Molde sentrum må følgjast opp, og slike tilbod må også finnast i andre delar av kommunen. Ungdom skal ha tilgang på lavterskel, rusfrie møteplasser, og kommunen skal gi støtte til rusfrie arrangement
- frivillige lag og organisasjonar skal ha lett tilgang til bruk av kommunale lokale, og eventuelle leigeprisar må vere så låge som råd
- aktiviteten ved bygarden Holmarka må sikrast

- Hjertøybåten kan knytast til busstilbødet, slik at ein bussbillett også er gyldig ut til øya - då kan fleire nytte Moldeholmane. Båten skal ha elektrisk drift
- kommunen skal sikre gode møteplassar for integrering og inkludering som språkkafe, turgrupper og liknande i samarbeid med frivillige organisasjonar
- alle skal kunne velje å skrive nynorsk i heile kommunen
- kommunen skal etablere ein utstyrssentral der ein kan kjøpe, bytte og selje brukte klede, og der ein kan låne verktøy for å reparere utstyr. Denne kan plasserast i samanheng med for eksempel museum eller bibliotek
- kommunen må sørge for nødvendig vedlikehald av kommunale idrettsanlegg
- kommunen skal gi støtte til idrettslag som vel å ha miljøvenleg fokus, for eksempel når det gjeld utfasing av gummigranulat
- det framleis skal leggjast til rette for det uorganiserte friluftslivet som sykling, jogging, badeplassar og turstiar i marka, der det også blir tatt omsyn til rullestolbrukarar
- gode folkehelseiltak som Stikk ut! må bli vidareført
- nyinnflytta barn og ungdom med annan kulturbakgrunn skal bli betre integrert ved å få støtte til å delta i kulturskule, idrett og frivillige organisasjonar
- kommunen skal framleis vere medlem av Friluftsrådet

MOLDEMÅL 6: Grøn transport

Ein god fotgjengar- og sykkelby med godt kollektivtilbod

Flest mogleg skal kunne reise med kollektivt (buss, båt og tog), el-bil, på sykkel eller til fots. Kommunen må vedta konkret mål om reduksjon av persontrafikk med bil. All vekst i persontrafikk skal bli tatt med buss, båt, sykkel og gange.



*FN-mål 11:
Gjere byar og
busettingar inklu-
derande, trygge,
motstandsdyktige
og berekraftige*

Kollektivt

Hyppigare avgangar, eit godt utbygd rutenett og rimelegere pris er dei tre hovudfaktorane som gjer det attraktivt å ta **buss**. Vi treng dessutan bussar som køyrer direkte for eksempel mellom Nordbyen og store arbeidsplassar til relevante tidspunkt (same prinsipp som skulebuss). Vi treng å innføre endå lågare pris på bussbilletten, i første omgang i rushtida, slik at folk heller tar buss, det blir mindre privatbiltrafikk, og bussane kjem raskare fram. Sonesystemet må reformerast og ein kortdistansetariff innførast (for eksempel inntil fem holdeplasser), slik at det løner seg å ta buss også på kortare reiser. Det må vere mogleg å bruke buss også sundag føremiddag og Framekspressen heile laurdag. Behovsdrogje kan vere ein del av løysinga. Vi ønskjer utbygging av miljøvenlege **hurtigbåtsamband**, f.eks Molde-Hjelset. Vi vil også byte ut diesel med el/biogass/hydrogen for drogje, buss og ferje. Ved tenestereiser skal kommunen dekkje mest miljøvenlege reisemåte.

El-bil

Samfunnet treng ein reduksjon i omfanget av privatbilisme, men kollektivtilbodet kan likevel ikkje dekkje alt av transportbehov. Kommunen må dermed leggje til rette for å få flest mogleg over på el-bil. Kommunen må raskt byggje ut tilstrekkeleg med offentleg tilgjengeleg ladekapasitet for el-bilar, og også setje krav til hotell om p-plassar med lademoglegheiter. Det trengst hurtig- og semihurtige ladestasjonar i Midsund og Nasset, og fleire semihurtige ladarar i Molde by. Både nye og etablerte burettslag og leilighetskompleks må få tilrettelegging for lading av el-bilar. Sjølv om vi ønskjer å leggje best mogleg til rette for mjuke trafikantar, kjem dei fleste til å måtte ha bil, og derfor er det også nødvendig å ha gode parkeringsmoglegheiter, f.eks. ved Trafikkterminalen, fergekai, Roseby, Storsenteret og utvida kapasitet ved stadion, for å ivareta eit levande bysentrum.

Sykkel og til fots

Ein må raskt kome i gong med å følgje opp **kommunedelplanen for hovudnettet for gåande og syklande frå 2013**, og ikkje vente på Bypakka. Kommunen må vedta at denne planen skal prioriterast i planstrategien. Planen inneheld blant anna eit godt og samanhengande nett med gang- og sykkelveg frå Djupdalen til Kleive. Gjennomføring av denne planen vil gjere Molde til ein god gang- og sykkelby! Vi treng samanhengande gang- og sykkelveg, som for eksempel i sentrum eller bak Roseby/Kviltorp skule. Manglar i fortaunettet må utbetrast (f. eks. Sandvegen, Parkvegen). Brøyting av viktige gang- og sykkelveg må prioriterast før bilvegane. Fotgjengarar er også avhengige av eit godt kollektivtilbod for i det heile tatt å velje å gå.

Fotgjengarar, syklistar og bilistar skal kunne bevege seg mest mogleg uavhengig av kvarandre. Å skilje desse tre typene trafikantar gir auka framkomelegheit og færre ulykker, men først og fremst gir det gjer det at fleire vel å ta sykkelen og beina i bruk fordi dei kjenner seg trygge. I Molde, særleg i sentrumsområda, ligg forholda delvis godt til rette for gåing og sykling. Det er god helse i å gå og sykle! MDG ønskjer som ei prøveordning at syklistar skal kunne reise gratis på ferjene, og ved sida av redusert forureining vil dette kunne gi færre gjenståande bilar ved trafikktoppar og minke behovet for parkeringsplassar. Nyttesykling som alternativ til bilbruk er eit mål i seg sjølv sidan det fører til mindre biltrafikk og betre folkehelse. Ladestasjonar og ein reparasjonsstolpe kan bidra til å gjere sykkel til eit endå betre alternativ for reiser.

Vi ønskjer 20 km/t **fartsgrense** i Storgata (miljøgate), slik at det er realistisk og tryggare å sykle i køyrebane - det er eit mål å i større grad prioritere syklistar i Storgata. 30 km/t bør vere generell fartsgrense i bustadstrøk der farta i dag er 50 km/t, og dette må følgjast opp med fartsdumpar, fotoboksar og liknande. Molde kommune bør som ei prøveordning skaffe bysyklar, som skal vere mogleg å bruke gratis. Det kan for eksempel vere basar ved Molde Storsenter og Roseby, Molde trafikkterminal og Aker Stadion/Seilet. Vi ønskjer eigne oppstillingsplassar med tak over for syklar. Desse bør setjast opp ved alle større offentlege bygningar og viktige trafikkknutepunkt.

Kollektivt ut av kommunen

Vi satser på betre løysingar for å velje kollektivt også for reiser utenfor kommunen.

Framekspress bør tilbys i heile helgen. Det er for tiden eit hull frå tidleg lørdag kveld til søndag middag. Vi ønskjer hyppigare **tog**avganger frå Åndalsnes med høgere kapasitet (om sommeren er togene ofte fullbooket), samt moglegheit til å nå nattog til Oslo. Alternativt må nattbuss til

Oslo reetableres. Kommunen bør utrede å opprette **hurtigbåtrute** til Åndalsnes og Molde-Hjelset, og søke klimasatsumidler eller andre relevante støtteordninger for å få dette til. Vi ønsker å beholde eit godt og mest mogleg miljøvenleg hurtigbåt- og ferjetilbod over og på fjorden. Et mål må vere å elektrifisere ferjene og hurtigbåtene raskest mogleg. **Ferjetrafikk** gjer at vi ikkje trenger ein del av dei nye, kostbare vegplanene, og i denne delen av transportsektoren veit vi at betre energiløysingar kjem.

Vegbygging

Det er god miljøpolitikk å planleggje og byggje med god standard slik at vedlikehaldet blir minimalt. Samtidig må vi ha eit godt vedlikehaldsprogram, slik at ikkje forfallet får overtak. Her er driftssikkerheit og vedlikehaldskostnader viktige. Vi ser at tunnelloysingar ofte får driftsstans og at løpande vedlikehald her er mykje høgare enn for andre løysingar.

E39, MØREAKSEN, BYPAKKA: MDG ER EIT FERJEPARTI. Teknologien for ferjer går i retning av raskare og meir miljøvenlege fartøy. Vi går mot E39 gjennom og under Molde sentrum. Vi ønsker ikkje firefeltsvegen frå sentrum og austover. I vurderinga av ulike alternative vegprosjekt vil vi krevje ein miljørekneskap der omkostningar og belastning knytta til dei ulike traseane er med. Vi vel miljø framfor å leggje til rette for meir biltrafikk.

Vår løysing er betre tilrettelegging for mjuke trafikantar og eit meir effektivt kollektivtilbod. Partiet ønsker dessutan mest mogleg godstransport over på kjøll og bane.


MOLDEMÅL 7: Berekraftig og framtidsretta

næringsliv og arbeidsliv

Heile landet står framfor ei omstilling i takt med at olje- og gassutvinninga kjem til å minke, og ikkje minst er dette viktig i Molde med mykje industri knytta til offshoreverksemd. Vi veit at det blir jobba godt med det grønne skiftet i store delar av næringslivet i kommunen, og kommunen bør så langt det er mogleg stimulere til dette. Det private og det offentlege må arbeide tett saman for å skape eit levedyktig og grønt næringsliv. Det er mogleg å satse på nye (offshore)verksemdar – som havvind eller miljøvenleg teknologi for skipstrafikk og energiproduksjon. Kommunen må gå føre og vere bevisst i sine innkjøp for å styrke eit klimasmart, lokalt næringsliv.

MDG vil:

- stimulere til gradvis nedtrapping av fossil verksemd, samtidig med økt satsing på alternativ energi. Her bør ISTAD Kraft og Molde kommune samarbeide med andre aktørar som allereie er i gong
- gjere eksisterande arbeidsplassar grønarar, men også se på moglegheitene for å leggje til rette for å skape nye næringar og arbeidsplassar som bidrar til framtidsløysingar. Kommunen må i størst mogleg grad sørge for at eigne arbeidsplassar blir så miljøvenlege som mogleg, samtidig som ein systematisk må sørge for at dei mest miljøvenlege løysingane blir valt på dei områda som kommunen har påverknad på



*FN-mål 8:
Fremje varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle*

- at kommunen skal bidra til auka samarbeid med private aktørar på alle nivå som allereie er i full gang med det grønne skiftet i si verksemd. Her er nullutsleppsstrategi og plan for gjennomføring på kort og lang sikt hos ASKO i Årødalen eit eksempel til inspirasjon
- at folk som skal levere og hente bil i den nye bilbyen på Eikrem/Årødalen, og vere på jobb eller heime i mellomtida, bør kunne ta den ekstra transporten med el-bilar. Dette vil redusere forureining, og kan gjere bileigarar som endå ikkje har skaffa seg el-bil, meir nysgjerrige på dette alternativet
- at heimesidene til kommunen skal ha tilgjengeleg informasjon om konkrete eksempel på typar grøn omstilling fordelt på dei forskjellige bransjane i næringslivet - med link til korleis små og mellomstore bedrifter kan søkje om pengar og få vegleining til å gjennomføre grønne tiltak
- iKuben, Protomore og forskingsmiljøa i Molde er viktige og må brukast av kommunen og lokale bedrifter i samarbeidet for eit grønt, framtidsretta næringsliv
- at kommunen skal søkje på statlege klimasatsmiddel og andre relevante fond for miljøvenlege investeringar
- støtte arbeidsgjevarar som set i verk ekstraordinære tiltak for kompetanseheving i grønne fag og omskulering frå petroleumsfag
- at kommunen skal stille tydelege miljøkrav til nyetablering av næringsverksemd og til privat planlagt utbygging av bustadområde, og vere ein kritisk partner i både plan- og utbyggingsfasen
- at kommunen ved vurdering av alle anbod frå næringslivet skal leggje til grunn eit sett grunnleggjande og tydelege miljøkriterium. Alle anbod skal inkludere ein maks grenseverdi på CO2-budsjettering som kriterium for etablering av ny verksemd eller endring av eksisterande næringsverksemd. Her bør kommunen invitere til samarbeid med relevante fagmiljø/forskringsmiljø
- at næringslivet langs kysten i aukande grad overfører varetransport frå land til sjø. Det krev styrking av miljøvenleg sjøtransport og gode løysingar på hamn/lager
- leggje til rette for berekraftig turisme. Det inneber bl.a. å etablere landstraum i Molde, og å setje krav til båtar om å nytte landstrøm. Dessutan treng vi fossilfri lokal transport av turistar: elbussar og elbåtar til sightseeing på fjorden og ut til øyane, og elsyklar og andre mindre elektriske kjøretøy, med incitament for nyetableringar for lokale aktørar
- stimulere til at privat kapital i større grad blir investert i arbeidsplassar, forskning og teknologiutvikling framfor i eigedom og bustader
- si nei til sundagsopne butikkar i Molde, bortsett frå dei som har ope innanfor dagens lovverk
- stille høge etiske krav til kommunens verksemd. Tenk globalt, handle lokalt og i størst mogleg grad handle økologisk berekraftig skal vere rettesnor for drift og innkjøp i kommunen. Dette styrkar lokalt og miljøvenleg næringsliv
- stille strenge krav til at bedriftene følgjer opp reglar for HMS, minsteløn, arbeidsmiljø og arbeidskontraktar, og unngå unødvendig bruk av mellombels arbeidskraft
- setje i gong prosjekt for å minske talet på ufrivillig deltidsarbeidande i kommunen
- at kommunen i samarbeid med NAV må leggje til rette for sysselsetting av innvandrarar med låg eller inga utdanning og som ikkje er så stø i norsk
- arbeide mot alle former for diskriminering i arbeidslivet. Det er uakseptabelt at etnisitet, alder, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, seksuell orientering eller funksjonsevne skal setje grenser for deltaking i arbeidslivet

MOLDEMÅL 8: LEVANDE BYGDER OG

LEVANDE SENTRUM

Kva kjenneteiknar levande bygder og levande sentrum? Menneska må stå i sentrum i eit miljø der klima og natur er viktig, og med trivsel og tryggleik for innbyggjarane som grunnlag. Lokalsamfunn blir trivelege og trygge når folk opplever at dei høyrer til, blir aksepterte, tar del i og er med på å få ting til i eit fellesskap. Det byggjer identitet, stoltheit og samhör. Folk må oppleve å kunne bevege seg fritt og trygt både til fots og på sykkel i trafikken.

Viktige element for å få til gode fellesskap er at folk kjenner kvarandre og spiller på lag. For å oppnå det er det viktig med gode arenaer for sosialt samvær, kulturutøving og kulturopplevingar, fysiske aktivitetar, lek, konkurransar og lagbygging for alle aldersgrupper saman eller kvar for seg. Desse arenaene må vere ordna slik at dei er reelle møteplassar for menneskeleg kontakt. I tillegg til all tilrettelegginga, er det viktig at den enkelte innbyggjar prioriterer tidsbruk inn i fellesskapet. Det vil krevje ein bevisstheit i bruk av timane i kvardagen. Vi har mange viktige gjeremål som må handterast, men vi har også ein del tidstjuvar som vi kan styre unna. Mykje kan gjerast av innbyggjarane, men kva kan kommunen gjere?

Gjennom god planleggjing, bruk av økonomiske verkemiddel, fagleg styring og god fagleg utføring kan mykje gjerast. Samfunnsutviklinga skal skje på innbyggjarane sine premiss og ikkje på utbyggjarane sine premiss slik erfaringane i for stor grad har vore i seinare tid. Kommunen må i mykje større grad i førersetet og styre utviklinga med tydelege rammer frå politikarane og kompetente fagpersonar til planleggjing.

Offentlege bygg

Når det gjeld offentlege bygg, er det god miljøpolitikk å planleggje og byggje med god kvalitet og standard slik at slitasje og vedlikehald blir minimalt. Samtidig må ein ha eit godt vedlikehaldsprogram som blir følgt, slik at ikkje forfallet får overtak.

Bustadbygging

Som ein generell regel bør ein i all nybygging leggje vekt på bygging av passivhus, bruk av jordvarme, takhagar på hus med flate tak (blokkar) og liknande miljøtiltak.

Plassering av nytt sjukehus på Hjelset vil generere mykje trafikk, derfor må ein prøve å ta grep for å minske dei negative effektane. Det bør leggjast til rette for at dei som arbeider ved sjukehuset og vil bu i nærmiljøet, kan få moglegheit til det.

Sentrumsutvikling Molde by

Molde sentrum står framfor ei spennande utvikling, bl.a. med ein ny sjøfront og ein ny

idrettspark, nybygging i Grandfjæra og ny utforming av Molde trafikkterminal (busshaldeplassen). MDG vil følge godt med på det som skjer med sentrumsutviklinga og gi konstruktive innspill til gode miljøløysingar. I utvikling av Trafikkterminalen ligg det store moglegheiter til god universell utforming og eit meir triveleg uteområde å opphalde seg i. MDG ønskjer ein arkitektkonkurranse for å få fram gode idear.

Molde sentrum ber sterkt preg av gjenreising etter to bybrannar (1916 og 1940). Rundt utløpet av Moldeelva blei det etter bybrannen i 1916 innført murtvang, noko som kjenneteiknar gjenreisinga her. Gjenreisinga etter bybrannen i 1940 som la «resten av byen» i aske, blei utført etter ein sær sars heilskapleg og detaljert planleggjing som har gitt sentrum sin identitet med plassdanningar, gateløp og bygningsutformingar med arkitektonisk særpreg som er viktig for Molde sentrum sin identitet. Området er i Riksantikvaren sitt NB-register (nasjonalt verdifulle byområde), er regulert til bevaring og må bli forvalta slik at verdiane blir bevarte og vidareførte.

Sjøfronten er nå under utbygging. For bruken av området er det viktig at det blir god plass til sitjande, ståande, gåande og syklande, også til passasje gjennom området for syklande utan at det blir til hinder for andre aktivitetar.

Fortetting

Vi seier ja til fortetting på bestemte premiss, og er også positive til bygging av blokker på eigna stader. Ved fortetting i etablerte bustadstrøk må det leggjast sterk vekt på at nybygg skal harmonere med nabolaget. Samanhengande, verneverdige miljø må bli unntatt for fortetting. Ressurs- og miljøvenlege løysingar må prioriterast når nye, større utbyggingsprosjekt skal godkjennast av kommunen, som oppvarmingsløysingar og bruk av miljøvenlege materialar. Det må også bli sett av plass til grønne uteområde som skal brukast til leikeområde og hagar.



FN-mål 11:
Gjere byar og bu-
setnader inklud-
derande, trygge,
motstandsdyktige
og bærekraftige

Trivsel og mangfald i heile kommunen

MDG vil vere med på å styrke miljøfortrinna til Molde ved å legge til rette for at innbyggjarane skal kunne finne ro i grønne omgjevnader, kunne dyrke noko av vår eigen mat, fiske og ha glede av natur og dyreliv. Vi vil fremje etablering av miljøvenleg handel og grønne arbeidsplassar. Byområdet i Molde vil alltid vere avhengig av å få mat, energi og andre ressursar utanfrå, men kan bli meir sjølvforsynt med både energi og mat. Det kan skje ved å investere i fornybar energi som jordvarme, sjøvarme, fjernvarme, solcellepanel og varmegjenvinning. Det er viktig å unngå nedbygging av dyrka mark. Dette gjeld både for bynære område som Lergrovik, Årø, Røbekk og Strande, men også ute i bygdene. Samtidig må det leggjast til rette for større grad av privat matproduksjon ved urbant landbruk i parsellhagar og andelsjordbruk. Det er mogleg å leve meir miljøvenleg i byen og på bygdene i kommunen vår enn vi gjer i dag. Kommunen må gå føre med tilrettelegging og gode eksempel.

For at Molde skal kunne bli ein grønare kommune, meiner MDG at det er nødvendig å

Molde MDGs arbeidsprogram 2019-2023

få god kartlegging av dyrka og dyrkbar jord med tanke på eit restriktivt jordvern. Kommunen må til ein kvar tid ha oversikt over enøk-tiltak og føre ein god klimarekneskap for kommunen som gjer det mogleg å måle miljøforbetringar og setje inn tiltak der det trengs. Molde kommune bør gå føre med gode enøk-tiltak i kommunale verksemdar. Administrasjonen må prioritere slike oppgåver. Gjenbruk av varer er god miljøpolitikk. For å leggje betre til rette for gjenbruk, bør det etablerast eit gratislager der folk kan setje inn og hente ut etter behov. Eit slikt «lager» kan gjerne plasserast i tilknytning til RIR-anlegget i Årødalen og eventuelt på andre passande plassar.

Strandsona har ei spesiell stilling både som naturverdi og som rekreasjonsområde, og det er viktig å forvalte på ein god måte med vern av allemannsretten og kulturlandskapet. Samtidig kan ein på forsiktig vis leggje til rette for uformelle samlingsplassar med enkle byggverk for livd og utstyr for fellesaktivitetar.

Strandområdet med Bjørsetsaga og omland i Molde har stort potensiale for positiv utvikling. I planleggjinga må det leggjast vekt på bevaring av strandlinje med allmenn tilgang, bevaring av den tradisjonelle saga og forsiktig utvikling av tilpassa bustadbygging.

Retiroparken ved Kviltorp er eit anna område med stort potensiale for utvikling som ein attraktiv tilhaldsstad for innbyggjarane i området. Parken bør restaurerast så langt det er mogleg og byggjast opp som ein stor, attraktiv, grøn folkepark med eit rikt planteliv.

Frivillige organisert gjennom velforeiningar og grendelag er ein stor ressurs og ein del av lokaldemokratiet som kan vere med på å løyse mange oppgåver i lokalmiljø i samarbeid med kommune og andre.

MDG vil:

- utvikle gode arenaer for positive samankomstar for alle
- at kommunen skal sitje i førarsetet for utvikling av det fysiske miljøet der bl.a. miljøvenleg bustadbygging blir lagt vekt på
- at offentlege bygg skal ha god standard med minimalt vedlikehald og eit godt vedlikehaldsprogram
- at Hjelset/Skjevika skal utviklast som økologisk landsby med nytt liv mot sjøen
- ta vare på Molde sentrum/Gjenreisingsbyen sitt særpreg som ein viktig del av byen sin identitet
- si nei til utviding av kjøpesentra i Lingedalen
- tilby gratis torgplass for folk som driv med heimeproduksjon av mat og husflid
- leggje til rette for større grad av kortreist matdyrking
- ha sterkt jordvern også i bynære område med god kartlegging
- verne strandsona med forsiktig tilrettelegging for rekreasjon
- at Molde kommune skal tilretteleggje for gode ferieopplevingar lokalt

MOLDEMÅL 9: Open politisk kultur og ein digital infrastruktur for framtida

Alvoret og tempoet i klimaendringane krev handling no, både globalt, nasjonalt og lokalt. Dei vala vi som kommune gjer i tida som ligg framfor oss, er ekstra viktige i lys av dette. Då er det heilt sentralt at vi klarer å samarbeide om å gjennomføre viktige endringar. Vi skuldar både innbyggjarane i Molde kommune, menneske i resten av verda og komande generasjonar å samarbeide for vårt alles felles beste. Vi treng ein politisk kultur prega av openheit, samarbeid og eit ærleg debattklima, der alle gode idear får kome fram i lyset, og der vi saman kan diskutere oss fram til nødvendige grep.

Kommunane er sentrale aktørar i den grønne omstillinga – som byggherrar, mynde og forandringsagentar i samarbeidet med verksemdar og innbyggjarar. Molde skal ta initiativ til samarbeid på tvers av kommunar og regionar til fordel for grøn omstilling.

MDG vil:

- samarbeide med alle politiske parti som ønskjer å bidra til klimavenlege løysingar
- at kommunen skal engasjere næringsliv, institusjonar og innbyggjarar i utforminga av berekraftige løysingar på dei utfordringane byen og verda står overfor. "Smart by Molde" er eit godt konsept som må følgjast opp
- la innbyggjarane i Molde delta i vurderingar om bruk av viktige område, som for eksempel sjukehusområdet
- at ungdomsrådet skal få større påverknad i saker som gjeld dei. Dei skal ha talerett i ulike politiske organer
- at det skal vere enkelt å finne informasjon og dokument på heimesidene til kommunen
- at det skal vere enkelt å sjå kva dei ulike representantane i kommunestyret har stemt i ulike saker
- jobbe for at Molde kommune skal vere ein føregangskommune i bruk av digitale verktøy for innbyggjarmedverknad og informasjon
- at kommunen i størst mogleg grad skal nytte fri programvare der dette er eit godt alternativ
- at kommunen skal stille krav til grunnleggjande sikkerheit og personvern ved innkjøp av IKT-tenester. Alle offentlege data skal gjerast fritt tilgjengeleg så langt det er mogleg
- at kommunen aktivt skal følgje opp kommunalt tilsette som blir utsett for netthets på grunn av stillinga si
- opprette miljønettverk med andre kommunar for å dele erfaringar og gode eksempel



*FN-mål 9:
Byggje robust
infrastruktur, fremje
inkluderande og
berekraftig
industrialisering og
bidra til innovasjon*



*FN-mål 16:
Fremje fredelege og
inkluderande sam-
funn med sikte på
berekraftig utvikling,
sørgje for tilgang til
rettsvern for alle og
byggje velfunge-
rande, ansvarlege
og inkluderande
institusjonar på alle
nivå*



*FN-mål 17:
Styrke gjennom-
føringsmidla og
fornye globale
partnerskap for
berekraftig utvikling*

MILJØPARTIET DEI GRØNE

– DET SMARTE VALET

Miljøpartiet Dei Grøne har som mål å gjere kommunen meir miljøvenleg og dermed betre for oss som lever her, også dei uten stemmer og stemmerett. Vi vil at Molde skal bli ein kommune som bevisst tar omsyn til den naturen og dei ressursane vi er avhengige av. MDG kan med hjelp frå deg vere med på å gjere Molde til ein grøn føregangskommune. Som eit blokkuavhengig parti, verken borgarleg eller sosialistisk, kan vi lett samarbeide med andre parti når vi har samanfalande syn. Vi er ikkje redde for å ta vanskelege val og avgjerder, og vi meiner at uheldige prosjekt som ikkje er sett i gong, kan stoppast. Vi i MDG meiner at den største utfordringa til kommunen ikkje er økonomisk, men har med tankegang og prioriteringar å gjere: Vi må tenkje og handle annleis, grønt, vekstkritisk, berekraftig. Då er Miljøpartiet Dei Grøne eit godt val.

miljøpartiet
de grønne

molde & omegn